



Seniorrådgjevar ved HR-avdelinga

Seniorrådgivar

Universitetet i Bergen søkjer ein karriere- og omstillingsrådgjevar. UiB ønskjer å vere best mogeleg rigga for å møte auka krav til endring og kompetanseutvikling. Seniorrådgjevaren skal arbeide med å utvikle interne strukturar og verktøy for dette arbeidet. Vi ser etter ein medarbeidar som forstår universitet som institusjon, men samtidig evnar å utfordre oss.

Arbeidsoppgåver:

Arbeidsoppgåvene vil i hovudsak vere rådgiving, utgreiing og sakshandsaming knytt til omstilling, endring og kompetanseutvikling:

- Utvikle verktøy og rutinar for strategisk personalplanlegging
- Arbeid med kompetanseanalysar og -utvikling med eit særskilt fokus på utvikling av intern kompetanse og intern mobilitet
- Prosesstøtte innafør saksfelte knytt til stillinga
- Delta i og leie utviklingsprosjekt
- Samarbeid med leiarar, tillitsvalde og eksterne aktørar
- Samarbeid med HR-funksjonar ved fakultet og institutt

Kvalifikasjonar og eigenskapar:

- Søkjarar må ha relevant utdanning på mastergradsnivå. Lang, relevant praksis kombinert med relevant etter- og vidareutdanning kan i særskilte høve kompensere for manglande formell utdanning.
- Erfaring frå liknande arbeidsoppgåver og dokumentert erfaring frå prosjektarbeid
- Kunnskap om og erfaring frå trepartssamarbeidet og bruk av tariffavtaler og regelverk
- Trygg i bruk av engelsk som arbeidsspråk
- Evne til å motivere og arbeide sjølvstendig
- Løysingsorientert og tørre å utfordre det etablerte

Vi kan tilby:

- Spannande og utviklande arbeidsoppgåver i et sterkt fagmiljø
- Stilling som seniorrådgjevar (kode 1364) i lønnssteg 68 - 74 (for tida kr 615 900 - 691 400) i det statlege lønsregulativet. For særskilt kvalifiserte søkjarar kan det bli aktuelt å vurdere høgare løn.
- Medlemsskap i Statens pensjonskasse
- Gode [velferdsordningar](#)

Generell informasjon:

Utfyllande opplysningar om stillinga kan ein få ved å vende seg til: Underdirektør Britt-Karin Muri, HR-avdelinga, tlf. nr. 406 24 412 eller seksjonsleiar Janne Marie Solheimslid, HR-avdelinga, tlf. nr. 918 19 544.

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Personar med innvandrarbakgrunn og personer med nedsett funksjonsevne blir oppmoda om å søkje stillinga.

Opplysningar om søkjaren kan bli gjort offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli ført på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teke til følge, skal søkjaren varslast om dette.

Nærare om tilsettingsprosessen [her](#).

Om Universitetet i Bergen

Universitetet i Bergen er ein anerkjend utdannings- og forskingsinstitusjon, organisert i sju fakultet og omlag 54 institutt og faglege senter. Campus ligg i sentrale delar av Bergen med universitetsområde på Nygårdshøyden, Haukeland, Marineholmen, Møllendalsveien og Årstad.

Sentraladministrasjonen gjev råd og bistand til leiing og fakultet ved Universitetet i Bergen. Sentraladministrasjonen er organisert i sju avdelinger. Les meir om HR-avdelinga [her](#).

Jobbnorge-ID: 173294, Søknadsfrist: Søknadsfristen er gått ut